

# ÅRSMELDING FOR ØRSKOG HISTORIELAG

## ÅR : 2019

### HISTORISK ATTERTSYN: Åvoll - Korsan




På den vesle sletta ved elva som ingen lenger veit namnet på, låg det frå gammalt eit lite avlangt hus i ein og ein halv etasje. Kanskje var dette våningshuset på garden då den unge Laurits Holthe Wensell kom hit frå Bergen i 1819 for å starte som handelsmann. Som vi veit bygde han seg seinare eit større hus, litt lenger vest.

Brua som vi ser til høgre på bildet vart bygd allereie i 1826 i samband med bipostruta til Borgund.



No er vi komne fram mot slutten av 1860-åra. Huset på Åvollen er det same, men har fått dør mot sør. På sørsida av vegen har det kome opp eit nytt hus, og på dette er det under oppføring eit stort tilbygg. Det er Korsanhuset. Vi kjenner ikkje så mykje til eigaren av dette huset. Det skal ha budd ein som vart kalla "Knut-Johan" her (Johan Knutsen?). Elles kjenner vi til ein Bakar Korsan på denne tida, og i gruvene arbeidde det ein Jacob Korsan (son til bakaren?).



Rundt 1874 vart det gamle huset på Åvollen rive og eit nytt reist i sveitserstil. Det var Tore Søholt frå Otta-garden som bygde det. Han var ein av eigarane til handelsfirmaet Th.&P. Søholt. Kona heitte Julie f. Berge, og var frå Trondheim. Tore døydde i 1889, og enka dreiv seinare "privathotel" i huset. No ser vi også korleis tilbygget til Korsanhuset vart.

Seinare kom [Larsenhuset](#) mellom dei to bygga, og etter at Korsanhuset vart flytta, vart [Bellingen](#) bygt på denne tomta



I dag står det eit murhus på Åvollen. Det var Henrik Maude som bygde dette i 1950-åra, men det er vel no mest kjent som "Vanghuset".

---

Desse tre bileta med tekst viser korleis ein eigedom har endra seg gjennom ei rekke år.  
Vi er i Sjøholt sentrum der vi i dette området finn Åvollen der Vanghuset står med  
COOP, Johansen og Bakare`n nært ved.

Ei tid var .....

## MANGE ÅR ATTENDE .....

FAKf-0380.00070



Sjøholt 1905-1910, med fisketørking på Måsøyrane. (Søholt ligg nok ikke i "Norangdalen") Fotograf: Oppi. Eigar: Ørskog Historielag



Georg Daniel Barth Rønneberg var frå Valderøya. Kona Anne Gurine kom frå Surnadalen. Rønneberg var lensmann frå 1848 til 1877, og han budde lenge på Blindheim. I 1860-åra flytta han hit til Sjøholt og bygde dette staselege toetasjes huset på bygsla tomt i Wensell-garden.



# Å R S M E L D I N G

## Ø R S K O G H I S T O R I E L A G

### Å R: 2 0 1 9

**ØRSKOG HISTORIELAG** vart stifta 16. april i 1985. Rundar 35 år i 2020!

**§1 i laget sine lover lyder:**

*Ørskog Historielag har til føremål å ta vare på kunnskapen om fortida til dei bygdene som ligg i Ørskog kommune, og arbeide for at folk kan få del i denne kunnskapen.*

*Dette kan gjerast ved:*

- a. å samle inn folkeminne og anna tradisjonstilfang.*
- c. å spreie desse opplysningane ved å gje ut bøker og tidsskrift, eller halde kurs og foredrag.*

**ÅRSMØTET** i Ørskog Historielag vart halde på Kyrkjetoget 6. mars 2019.

21 personar var til stades. Ulike formalitetar knytta til årsmøtet vart vedteke.

Årsmeldinga for 2018 og rekneskapen for 2018 vart godkjende. Godt arbeid i nemndene.

Budsjett for 2019 vart vedteke. Vala vart gjort i samsvar med framlegg frå valnemnda. Nokre endringar vart gjort av årsmøtet. Teknisk utval konstituerer seg sjølv. Valnemnd for årsmøtet 2020 vart: Arne Jan Sollied (leiari), Pål Viset og Magnhild Schmidiger. Arbeidsoppgåver for år 2019 vart drøfta, og ulike prosjekt vart prioriterte. Årspengane for 2021 vart auka frå 325 kr til 350 kr. Kaffi/te og kake underveis i møtet. Etter vala på årsmøtet og konstituering i styremøte 11. april, har styret vore samansett slik:

**Styret:**

- Ragnar Bakken	leiari
- Janet Roelofs	nestleiar <u>fritak på møte 25.09.19 – nestleiar vakant.</u>
- Runar Amdam	skrivari
- Grethe Leikny Gjerde	kasserar
- Karen Simonnes Aanes	styremedlem
- Leif Røren	1.varamedlem <u>rykkjer opp som fast medlem 25.09.19.</u>
- Petter M. Sjøholt	2.varamedlem
- Nils P. Sjøholt	3.varamedlem

Svein Elling Barlindhaug vald til leiari av og for teknisk utval 2019.

**Nemnder/utval knytta til arbeidet i laget:**

- Teknisk utval: 5 medlemmer – leiar Svein Elling Barlindhaug.
- Skriftnemnda: 6 medlemmer – leiar Bjørn Steinar Skarbø.
- Paktarhusnemnda: 5 medlemmer – leiar Ove Eide.
- Fotoregistrering: 5 medlemmer – leiar Gunnveig Sollid Skilbrei.
- Postvegnemnda: 5 medlemmer – leiar Ivar Holmeide.
- Kalenderkomite for 2019: Magnar Mathiesen – Jorunn Solnør dal Myren. Vara: Tore Gjære
- Revisorar: Kolbjørn Gjære – Mons-Olav Walgermo.
- Valnemnd for 2019: Arne Jan Sollied (leiar) – Pål Viset – Magnhild Schmidiger.

**STYRET.**

Styret har i meldingsåret (frå årsmøte til årsmøte) hatt sju (sju i 2018) møte:

10. april – 5. juni - 14. august – 25. september – 30. oktober – 15. januar - 26 februar.

Styret har handsama 84 (65 i 2018) protokollerte saker.

Medlemstala i 2019: 313 (278 i 2018) inkl. tre verksemder – jf. årboka for 2019.

Medlemsverving rett før jul 2018 og 2019 ga eit titals nye medlemmer!

Medlemstal 31.12.19: ca. 334

På sammøte mellom styret og nemnder/utval 10. april 2019 vart arbeidsoppgåver/årsplan og prioriteringar drøfta og vedtekne.

**Frå styreprotokollen** tek vi med dei fleste av sakene som har vore til handsaming:

- ✓ Supplerande/endringar - val i høve årsmøtet
- ✓ Konstituering av styret for 2019.
- ✓ Styret – arbeidsfordeling – organisering
- ✓ Olav Oksvik stiftinga.
- ✓ Budsjett 2019 – økonomi årbok 2019.
- ✓ Saker under arbeid – På dei fleste møte.
- ✓ Medlemskap LLH
- ✓ Malmvogna
- ✓ Slektstreff Flindtfamilien.
- ✓ Nytt frå nemndene på alle møte.
- ✓ Smikurs planlegging.
- ✓ Kveldsetene 2019 – tema – fordeling av oppgåver – gjennomføring.
- ✓ Driftsavtale vedk. vedlikehald av Postvegen. Statens vegvesen står att.
- ✓ Fellesmøte med nemnder/utval – førebuing - arbeidsoppgåver – prioritering oppgåver.
- ✓ Kraftverket i Ørskogfossen. Vedlikehald.
- ✓ Ørskogdagane – førebuing av deltaking – eigen stand 25. mai 2019. Evaluering.
- ✓ Ørskogkalenderen – samarbeid med Ørskog Rotary. Kalender for 2020.
- ✓ Paktarhuset – vedlikehaldsarbeid – kjøkken – rydding – arkivering - økonomi m.m.
- ✓ Bygdevandring – Sjøholtsætra/Strandasætra – 25. august 2019.
- ✓ Medlemsverving – jf. Ørskogdagen.+ v/stand rett før jul. God auke i medlemstal!
- ✓ Postvegen. Orienteringar. Vedlikehald
- ✓ Nemndleiarane har teke del på styremøta.
- ✓ Prisar årbøker, hefte m.m.
- ✓ Søknader – utbetalingar og liknande.
- ✓ Økonomirapportar.
- ✓ Årbok 2019 – Ørskogkalender 2020.

- ✓ Førjulssal av årboka – medlemsverving m.m.
- ✓ Kulturminneplan - kontakt med kommunen. Kommunal plan ferdig i 2020?
- ✓ Årsmøte 2020 – førebuing.
- ✓ Årbok og kalender – utsending.
- ✓ Gåve fra Ørskog Sparebank og Ørskog kommune. Jf. rekneskap 2019.
- ✓ Gåver – laget får jamt tilbod om å ta vare på gjenstandar m.m. Registreringsarbeid.
- ✓ Arbeidet i nemndene – rapportar – sammøte.
- ✓ Ei rekkje skriv og meldingar og førespurnader.
- ✓ En del av sakene ovanfor har gått igjen på fleire møte.
  
- ✓ ***Orienteringar og drøftingar i styret om arbeidet i nemndene – der vi tek med:***
- ✓ Årbok for 2019.
- ✓ Fotoregistreringsarbeidet – registrering av gamle bilete.
- ✓ Arkivering- og registreringsarbeidet.
- ✓ Postvegen – jf. eiga nemnd. Vedlikehald.
- ✓ Paktarhuset - ymse arbeid.
- ✓ Oppgåver for/frå teknisk utval.

## Kveldseter/bygdevandring.

Styret har hatt hovudansvaret for desse.

I meldingsåret (mars – mars) har kveldsetene vore avvikla med desse **7 emna + bygdevandring**: Tal frammøtte i ( ):

- |                |  |
|----------------|--|
| 3. april 2019: | Bilettur i Ørskog (50) Siv Krokfoss.   |
| 8. mai 2019:   | Kraftverk i Vaksika (ca 30). Karl J. Vaksvik og Paul Frøysedal.              |
| 25. aug. 2019: | Bygdevandring Sjøholtsætra/Strandasætra (40). Turid Haddal – Petter Sjøholt. |
| 4. sept. 2019: | På veg inn i ny kommune (39). Astrid Eidsvik.                                |
| 2. okt. 2019:  | På sykkel rundt Jostedalsbreen Del II. (31) Jon Slyngstad.                   |
| 6. nov. 2019:  | Ørskogbilete 1900 – 1980 (33). Siv Krokfoss.                                 |
| 11. des. 2019: | Årbok 2019 (19). Skriftnemnda. Bjørn S. Skarbø m.fl.                         |
| 5. feb. 2020:  | Handel i Ørskog (34). Tore Gjære.  |

Samla frammøtte: 236 (179 i 2018) på kveldsetene og 40 (45) på bygdevandringa

Det er så langt planlagt seks kveldseter vidare i 2020. Bygdevandringa i august 2020 vert lagt til Norddal og steinsenteret til Hallvard Eide. 1. april: Vegar gjennom Ørskog i framtida. Mai Gamle og nye kraftverk i Vaksika. Årsmøte 4. mars 2020. 6. mai: Sjøholt Folkehøgskule. Hausten 2020: 4 kveldseter der tema ikkje er fastlagde.

Samlingane har vore på Kyrkjetoget eller på stader utanfor – jf. tema.

Samla oversyn over alle kveldsetene sidan 1998 - også planlagde kveldseter og bygdevandringar - finn vi på laget si heimeside: [www.orskog.historielag.org](http://www.orskog.historielag.org)



Frå utstillinga i Paktarhuset i 1998.

### Paktarhusnemnda.

- ✓ Medlemmer: **Ove Eide** (leiar) - Leidulv Reite – Kåre Myren – Turid Valbø Haddal – Oddbjørn Braute.
- ✓ Aktivitets-museumsnemnda og husstyret vart slegne saman på årsmøtet i 2014. Dette har vist seg å fungere godt. Resultat Paktarhusnemnda.

Leiar for nemnda har levert denne rapporten 07.02.19 for 2018:

### **RAPPORT FRÅ OVE EIDE VEDK. ÅRSMELDING FOR 2019:**

#### **ØRSKOG HISTORIELAG PAKTARHUSNEMNDA:**

#### **Aktivitetar i 2019:**

- 25. mai var vi med og arrangerte historielaget si deltaking under Ørskogdagen. Vi hadde stand med sal av årbøker og andre publikasjonar ved sidan av laget si stoltheit, lokomobilen.
- Arbeid med Paktarhuset har i hovudsak dreia seg om istandsetjing av det elektriske anlegget. Alt har blitt kontrollert og naudsynte tiltak har blitt gjort. Vi har fått betre lys på badet og i kjellaren.  
Litt opp-pussingsarbeid har blitt utført på badet.
- Paktarhuset inneheld eit museum, eit arkiv og eit bibliotek. Desse samlingane er eit resultat av at vi kvart år får inn historisk verdfulle saker som gjevarane vil at historielaget skal ta vare på. Paktarhusnemnda har ansvaret for dette, og gjer frå tid til anna ein innsats med henting, registrering, fotografering, merking m.m.

Også i 2019 fekk vi inn litt av kvart, mest til arkivet. Vi kan nemne protokollar og papir frå gamle Ørskog-bedrifter, kraftlag, idrettslag og politiske lag. Vidare historiske bøker, ymse gamle papir, fotografi og filmar.

Ikkje så mange gjenstandar dette året, men eit døme kan vere eit praktfullt veggteppe laga på Sjøholt Kunstindustri i gamle kaihuset ca 1950.

- Vi har hatt to samlingar i nemnda, ei om våren og ei om hausten. Det har blitt fjerna stein frå tidlegare oppgraven mark. Vi har stelt ymse tre, prydbusker, bed, plenar og hekk. Mange hengerlass med stein, rusk og skat er frakta til mottaket ved Miljøstasjonen.

30.01.2020.

Ove

## Skriftnemnda.

Medlemmer: **Bjørn Steinar Skarbø** (leiar) – Øyvin Danielsen – Olav Jan Bårdsgjerde – Jostein Tomren – Karin Årdal – Odd Saure.

Skriftnemnda har levert denne rapporten for 2018:

### Årsmelding frå Skriftnemnda 2019

Medlemmer i skriftnemnda har vore Olav Jan Bårdsgjerde, Øyvin Danielsen, Jostein Tomren, Odd Saure, Karin Årdal og Bjørn Steinar Skarbø.

Skriftstyret har hatt rundt seks-sju møte. Møtestaden har i hovudsak vore Gamlebanken, Frivilligsentralen eller Skarbø skule.

Etter tre år med «Namnebok for Ørskog» som del av årboka, var det tradisjonelle historietilfanget innhaldet i boka dette året.

I år som tidlegare har det vore stor velvilje og stor skriveaktivitet hos mange som har kome årboka vår til gode. Det har i hovudsak vore stor velvilje hos dei vi har spurt om å bidra; om enn ikkje hos alle. Og det er dei som tilbyr stoff (nesten) på eige initiativ. Det er vi spesielt glade for.

(Dette har vi skrive også i tidlegare årsmeldingar, men det stemmer framleis. Heldigvis.)

I år hadde vi eit hovudtema «Fotografar i Ørskog» der vi hadde ein artikkel om Johan Martin Fotograf Johan Martin Strømme, Tore Gjære Strømme som utdanna seg og dreiv som fotograf på 1800-talet; samt to av nyare tids fotografar i bygda, Liva Gillebo og Brit Skjelten.

Målet er å halde fram med å presentere andre fotografar i neste bok eller neste bøker alt ettersom.

Vidare nemner vi spesielt artikkelen om Sjøholt som leikegrind på 50- og 60-talet der Jostein Tomren i år tok for seg aktivitetar på land etter å ha konsentrert seg om fjord og fjøre i førre bok. Neste år ser han føre seg ein artikkel om aktivitetar i skog og (ut)mark.

Så har vi med ein artikkel om den dyktige brubyggjaren Rasmus Tenfjord skriven av Gudmund Nordal i Statens Vegvesen og Odd Saure har skrive om Vaksvikbrua der arbeidslaget til Tenfjord var engasjert.

Elles viser vi til innholdslista nedafor (og boka – naturlegvis)

Boka vart i år på 144 sider mot 168 i fjor, og vi ser vel føre oss at det vert normalomfanget av boka når det ikkje er namnebok med på lasset

# ÅRBOK

for Ørskog Historielag 2019



Framsida til Årbok 2019: Anne Sofie Egge. Frå Eggane

## Innhaldsliste Årbok 2019

- Fotograf Brit Skjelten, Øyvin Danielsen
- Fotograf Liva Gillebo, Karin Årdal
- Egge-Ane – Eit særmerkt menneske, Jostein Tomren
- Fem kulturminne i Ørskog, Ove Eide
- Peder Bårdsgjerde og Fjellstova, Bjørn Steinar Skarbø
- Bakar-Ludvik og Fiske-Rikard, Ole Øystein Nybø
- Sjøholt som leikegrind i 50 og 60-åra, Jostein Tomren
- Vaksvik bru, bygginga og byggjarane, Odd Saure
- Brubyggjaren Rasmus Tenfjord av Gudmund Nordal
- 25 år med psykiatri på Haukås, Kolbjørn Gjære
- Minne frå Sjurgarden i Vaksvika, Kåre Vaksvik
- Ankerfeste for gamle menn, Johan Austnes
- Flindt-familien på Sjøholt, Ragnar Bakken
- Bymann og bone, Kjetil Tandstad og Eldar Høidal
- Perler frå fotoarkivet, Siv Krofoss
- Hendingar i 2019, Bjørn Steinar Skarbø
- Årsmelding Ørskog Historielag 2018, Ragnar Bakken
- Medlemmer i Ørskog Historielag,

Boka vart lansert under (utsett) kveldssete 11. desember.

Skriftnemnda har også i år samarbeidd med «Språksmia» i Valldal om montasje og administrasjon av trykking hos «Laseryrkk» i Oslo / København. Vi er framleis svært nøgd med svært god utforming på boka og like eins god trykkekvalitet. Prisen er også fordelaktig, og endå meir fordelaktig i år ettersom dei kom fram til at dei fekk montert og trykt boka utan at det vart rekna meirverdiavgift.

Presseomtale av årsskriftet har vi i skrivande stund fått i Bygdebladet.

Skriftnemnda registrerer at årboka vert godt motteken og tilbakemeldingane vi har fått, er gode Det er vi sjølvsagt glade for. Det gjev inspirasjon til komande utgåve(r)

Skriftnemnda vil rette ein varm takk til alle forfattarar, fotografar og annonsørar for bidrag til årboka. De er heilt avgjerande for at vi klarar å gje ut denne boka år for år.

Ørskog 15. februar 2020.

Karin Årdal, Jostein Tomren, Odd Saure, Øyvin Danielsen, Olav Jan Bårdsgjerde

og Bjørn Steinar Skarbø

## **Teknisk utval.**

Medlemmer **Svein Elling Barlindhaug** (leiar) — Terje Nybø – Børre Tennfjord – Terje Haaheim - Magne Henden

Vi tek med rapportering frå nemnda om arbeidet dette året:

### **MELDING FRÅ TEKNISK UTVAL FOR 2019:**

## **HISTORIELAGET TEKNISK KOMITÉ**

### **Møtereferat**

#### **Komitémøte den 30.01.2020**

#### **Paktarbustaden**

**Desse møtte; Terje Nybø, Terje Haaheim, Svein Elling Barlindhaug, Magne Henden og Børre Tennfjord**

Teknisk komité gjekk gjennom kva som har vorte gjennomført i året som gjekk og diskuterte komande drifts-planar for året 2020, samt kva for nye tiltak ein skal iverksette.

#### Fylgjande arbeid har vorte gjennomført i året som har gått:

- Komitéen sin leiar har delteke på alle styremøte.
- Vi har avhalde ryddedugnad ved og rundt kvernhuset ved Wentzelelv.
- Vi har hatt synfaring og gjennomgang av vedlikehaldet rundt kraftstasjonen ved Ørskogelva.
- Det er kjøpt inn lys og avtala installering av desse i kraftstasjonen.
- Det er laga oppdragsplansjar og etablert vedlikehaldsrutinar for anlegga til Historielaget.


#### Fylgjande arbeid er planlagt inneverande år (2020):

- Rydding av skog ved kraftstasjonen.
- Ta ned stort tre ved kvernhuset/Wenzellelv saman med Ørskog Energi.
- Hogge ved til lokomobilen.
- Oppstart smikurs på Smibakken/smia.
- Starte opp Lokomobilen på Ørskogdagan 13.juni 2020.
- Planlegge rehabilitering av taket på smia ved å kostnadsrekne og budsjettere, samt tidfeste tiltaket.
- Sikre utløpsdammen ved kraftstasjonen gjennom å skifte ut rote gjerde.
- Nedvask av huset til Lokomobilen, både innvendig og utvendig. Arbeid må gjerast før 17. mai.
- Rydde garasjedelen av smia slik at ein kan nytte den på ein betre måte.
- Vurderingar av kva som skal gjerast med traktoren frå Tyssa.

#### Vedlegg til referatet:

- Arbeidsliste
- Gjermålsliste

## KVERNHUS



Her blir det gamle kvernhuset på Amdam tatt ned.

Foto: Rolv Amdam. Etter kvart syntet det seg at det var i så dårlig forfatning at berre deler av det kunne brukast (Teina, kringen og steinane).



Siste sperra blir spikra fast. Plassering **Wenzellelva nord for Sjøholt Hotell**. Ansvar for stell og vedlikehald: Teknisk utval.

## **Fotoregistreringsgruppa.**

Laget har ei eiga gruppe som arbeider med registrering av gamle foto frå Ørskog.

**Gunnveig Sollid Skilbrei har vore leiar** for gruppa siste året. Dei andre medlemmene i gruppa har vore: Jon Helge Abelseth, Siv Krokfoss, Nils Arild Myklebust og Rolf Hatlen. All registrering av opplysningar til avfotograferte biletar vert gjort direkte på Internett.

## **Fotoregistrering 2019**

Siv Krokoss er ansvarleg for digitalisering av biletar og å få dei registrert i Fylkesfotoarkivet sin database. No ligg det 2901 biletar i fotosamlinga som har noko med Ørskog å gjere. I 2019 vart det registrert inn 465 nye biletar.

Gruppa har motteke fleire private fotoalbum.

120 biletar frå Rolf Hatlen er digitalisert. Desse er ikkje lasta opp i databasen i påvente av ny base.

Takk til alle som har lånt oss fotosamlinga si. Det er ofte vanskeleg å identifisere personar og hendingar. Takk for hjelpa til dette arbeidet!

«Gamle bilder fra Ørskog» er ei lukka gruppe i Facebook. Mange av biletene som er registrerte gjennom Historielaget blir og lagt inn i denne gruppa. Biletene er organiserte i digitale album. Ved å bruke Facebook oppnår ein å nå eit større publikum som kan gi informasjon om personar og hendingar.

Siv har hatt to framsyningane av biletar på kveldssette i historielaget. På møtet i april tok Siv oss med på «rundtur i Ørskog kommune». På møtet i november var temaet aktivitetar i bygda (lag, organisasjonar, kor, korps) i perioden 1910-1980.

Siv har og vore på Ørskog sjukeheim og vist biletar frå farne tider. Dette vart godt motteke. Dei eldre hugsar frå gamal tid og kan hjelpe med historie rundt biletene. Siv har avtala eit nytt møte på sjukeheimen.

FylkesFOTOarkivet ved Interkommunalt arkiv For Møre og Romsdal skil lag med Fylkesfotoarkivet i Sogn og Fjordane.

Vår database med 210.000 biletar frå Møre og Romsdal vil du om kort tid finne under <https://fylkesfotoarkivet.mrfylke.no>

## GLIMT FRÅ FYLKESFOTOARKIVET

FAKf-0435.00006




Widerøe nr. 23???. Lande 6. juli 1950 Sunnmøre husmorskule. (Lokal registrering:  
Waldemar Ørskog, 14.04.2001.)

FAKf-0442.00013



Vaksvikbygda Meieri var einaste meieri i Vaksvika. Det vart starta i 1895 og slutta i 1918.  
Det starta så opp att i 1927, og vart endeleg nedlagt i 1937. Selskapet vart avvikla i 1938. Det  
var eit aksjeselskap (el. andelslag?) og tok imot mjølk frå Vaksvik, Vestre, Skarbø og  
Jordskar. Sjå elles Ørskog Gjennom Tidene



**FAKf-100589.268208**

**Dampbåten som ligg ved kai på Sjøholt er D/S Nordalsfjord.** Den vart bygd og sett inn i ruta på Storfjorden i 1914. Passasjerar og turistar. Då dette biletet vart teke var den eigd av selskapet Søndmøre dampskipsselskap som i 1920 gjekk inn i Møre Fylkes Rutebåter (MFR). Det

## **Digitaliseringa av kyrkjebøkene – Arbeidet avslutta/ferdig i 2016:**

Etter mykje arbeid og stor innsats kom vi i mål (2016) med arbeidet som starta på i 2002 med å digitalisere kyrkjebøkene for Ørskog prestegjeld.

Alle dei 11 eldste bøkene som til no er offentleg tilgjengelige er avskrivne, korrekturlest og innsendt til Digitalarkivet via ein koordinator for kyrkjebokregistreringa i Møre og Romsdal i foreininga Slekt og Data.

## **Postvegnemnda - «Den Trondhjemske Postvei».**

**Eiga nemnd:** Ivar Holmeide (leiar), Elling Ødegård, Norvald Sjøholt og Odd Asbjørn Nybø, Martin Ødegård.

Nemnda v/leiar har levert denne rapporten:

### **ÅRSMELDING POSTVEGNEMNDA 2019**

Postvegnemnda har i 2019 bestått av Martin Ødegaard, Odd Asbjørn Nybø, Norvald Sjøholt, Elling Giskemo Ødegaard og Ivar Holmeide.



**FAKf-0198.263618**

Idyll frå postvegen over Kleiva ein gong mellom 1910 og 1921. (Registrert av Ole Øystein Nybø for Ørskog Historielag.)

Den 14.2.2019 deltok leiaren i Postvegnemnda på eit postvegseminar på Vestnes i regi av Møre og Romsdal Fylkeskommune saman med Runa Klock. Anniken Aakvik og Harry Klein Hulse deltok også på seminaret. Runa Klock hadde eit innlegg på seminaret under tittelen: «Postvegdraumar i Ørskog». Fylkeskommunen opplyste vidare at det skulle haldast eit møte på Fjellstova på Ørskogfjellet i mai måned, men dette møtet vart avlyst og det har ikkje vorte bestemt nytt møtetidspunkt.

Nemnda hadde orienterings- og planleggingsmøte for året i mai og alle møtte med unntak av Elling G. Ødegaard som var hindra grunna arbeid.

Den 21.mai 2019 hadde vi dugnad på strekninga frå Renseanlegget til vassverket i Landedalen og fram til Tverrelvbrua. Postvegtraseen vart rydda for tre og greiner som låg inn

i vegen og små tre som hadde vakse opp i vegen. Dette arbeidet såg nemnda som viktig å få gjort for å lette arbeidet med beitepussar frå Friluftsrådet til sommaren. Det var Martin J.Ødegaard, Norvald Sjøholt og Ivar Holmeide som var med på dognaden som varte heile dagen med innlagt lunsjpause ute i marka.

Det vart vidare lova at vi skulle få hjelp av Friluftsrådet til å slå vegen med beitepussar også i 2019, og det vart tatt kontakt med Friluftsrådet fleire gongar. Graset på Postvegen på strekninga frå Landedalen til Tverrelva og Stortrøna var i august så langt at det rakk ein til livet. Det blei ikkje slått med beitepussar i løpet av sommaren/hausten 2019.

Braute Maskin har i løpet av hausten fått lagt eit nytt rør i tillegg til det som vart lagt ned for 2-3 år sidan, og det har fungert svært godt gjennom den våte hausten og vinteren vi har hatt. Takk til Bakken som har stått på for å få dette arbeidet gjort.

I løpet av hausten 2019 hadde det falle mykje lauv på postvegen på strekninga frå Russebøen til krysset med anleggsvegen til Gausnestoppen, og det har blitt svært sleipt enkelte plassar. Lauvet har blitt liggande i vegen grunna mykje nedbør.

For å redusere litt på laufallet komande haust hadde vi ein dognad den 26.11.2019 på strekninga frå Russebøen og opp til første flata, kor vi tok vekk lauvtre som låg inn i vegen og delvis hang over vegen. Vi kom ikkje i mål med dette arbeidet denne dagen og nemnda legg opp til ein ny dognadsdag i løpet av februar/mars dersom det ikkje kjem for mykje snø. Målet er å få rydda unna dei lauvtreea som heng over postvegen på heile strekninga frå Russebøen til Lindset før påske.

Postvegnemnda er glad for at ØH har kjøpt ein beitepussar, slik at Postvegnemnda sjølv kan stå for å slå graset på postvegen frå Lindset til Russebøen og Gjære-Stortrøna-Myrløken-Haugsetra. I tillegg til kjøp av beitepussar har ein fått laga 2 køyrebruer for transport av beitepussaren på biltihengar.

Postvegnemnda håper at vi sommaren og hausten 2020 slepp å trakke i gras opp til livet på postvegen, og at vegen i tida frametter vert nytta av stadig fleire til turar i nærområdet.

Ivar Holmeide - leiar Postvegnemnda



FAKf-1308 Foto: Jens Viset - Ørskog Historielag / FylkesFOTOarkivet 2017 Copyright: CC-NC

**FAKf-101012.330338**

Haugsætra på Ørskogfjellet i 1963. Frå venstre har vi først hytta til Emma Opsal, så kjem fjøsen til Larsgarden på Valgermo. Det neste igjen er selet med fjøs under tilhøyrande Toregarden på Valgermo og så Olegarden på Valgermo sitt selet med fjøs under. Heilt til høgre ligg først fjøsen og så selet til Framigarden på

---

**Postvegen – eit flott kulturminne – ein fin turveg.**

**Turveg frå Russebøen:** Denne delen av Postvegen startar på Russebøen og tek av frå skogsvegen som fører til Hestvika. Du tek av til venstre ved Sjøholt Camping, opp ei til dels bratt stigning på det som var ein kjerreveg. Ørskog kommune, skuleelevar, lag og organisasjonar har siste åra kvista og opparbeidd vegen til om lag den standard han ein gong hadde. Underlaget er delvis grasdekt og bakkane opp til toppen er eit godt middel til å få opp pulsen.

**Kulturminne:** Postvegen gjennom Ørskog, er ein bit av den gamle postruta mellom Bergen og Trondheim og vart bygd rundt 1780. Vegen startar i fjøra på Amdam. Dit kom posten sjøvegen frå Stranda. Så går vegen over markane på Amdam og Nedrevoll, til han går over høgdedraget Kleivane (høgste punktet på turvegen), mot Sjøholt. Der går han forbi prestegarden og vidare opp Landedalen til Vestnesgrensa på Ørskogfjellet. Også delar av denne strekninga er opparbeidd i seinare tid.

## POSTVEGMARSJEN

**Postvegmarsjen** vart arrangert for 14. gong 11. september 2016. I 2017 vart det av ymse grunnar ikkje arrangert Postvegmarsj. Dette var også tilfelle i 2018. Gått ut på dato – eller? Marsjen har vore eit samarbeidsprosjekt mellom Ørskog I.L, Ørskog kommune, Friluftsrådet og vårt eige lag.



**Ny beitepussar november 2019.**

## NETTSIDE

**Nettsider Ørskog historielag:** Laget har i fleire år hatt eigne nettsider. Laget vil også i denne årsmeldinga rette ei stor takk til Tore P. Gjære.

Sidene gjev mykje god informasjon om laget: Adresse: [www.orskog.historielag.org](http://www.orskog.historielag.org)

Innhald: Framside – Aktivitetar – Om laget – Publikasjonar – Restaureringar – Andre oppgåver – Årsmelding – Gamle bilde – Kunngjeringar – Medlemsnytt – Gamle Sjøholt.

*Ørskog Historielag*



[ [Framside](#) ]

Velkomen

Ørskog Historielag vart skipa i 1985, og har til føremål å ta vare på kunnskapen om fortida til bygdene i Ørskog kommune



Vi har no eit medlemstal på ca 320, og vi arbeider med ulike restaureringsoppgåver i tillegg til at vi gir ut årsskrift og arrangerer møte og tilstellingar. Vern av kulturminne er også ei prioritert oppgåve

## **Olav Oksvik – stiftinga.**



FAKT-ID08. Foto: Zina Viest / Ørskog Historielag / FylkesfOTDutstilt.2017. Copyright: ZC-HC

**Olav Oksvik (1887-1958) var sju år gammal då han i 1894 kom til Ørskog saman med familien frå Stranda. Olav var eldst av seks sysken som vaks opp på bnr. 10, Hammaren på Apalset. Han vart ein markant politikar som stortingsrepresentant for arbeidarpartiet frå 1928 til 1953.**

**Portrett, politikar, stortingsmann, fylkesmann,  
Ørskog, Apalset 1945 - 1955**

Dette er ei stifting som skal ta seg av gjenstandar, dokument m.m. etter Olav Oksvik. Målsetjinga er å få på plass ei samling i Ørskog. I 2012 -14 vart gjenstandar og dokument henta og mellombels lagra lokalt. Noko står att å hente. Registreringsarbeidet er utført. Det vert arbeidd med å finne ei permanent plassering av samlinga. Dette har diverre ikkje lukkast etter å ha arbeidd med saka i åtte år. Vi hadde venta meir hjelp frå kommunen! Stiftinga måtee avlyse «Oksvikseminar» på Ørskog samfunnshus i 2019.. Det er nedfelt i stiftinga sine vedtekter at eit seminar skal finne stad kvart år. Seminar i 2020 er ikkje planlagt så langt i 2020. Stiftinga sitt styre har drøfta avvikling av stiftinga grunna manglande kommunalinteresse(økonomi. Endelege vedtak er ikkje gjort. **Frå Ørskog Historielag er desse valde som medlemmer: Valborg Haugen, Ola Gram og Mons-Olav Walgermo. Brynje Vethe, Åse P. Gjerde og Ragnar Bakken er personlege varafolk.**

**Frå kommunen er valde: Arild Aanes - leiar - og Karl Johan Vaksvik.**

# Ørskogkalenderen 2020



## Svartløkosen ved påsketider

## Ørskogkalenderen.

Ørskog Historielag og Ørskog Rotary har i ei rekke år gitt ut Ørskogkalenderen.

For 2014 vart det ikkje laga kalender. I løpet av 2014 vart det klart at ØH og ØR på nytt gjekk inn i samarbeid om å få laga ein kalender for 2015. Økonomien vart sikra gjennom støtte frå lokale verksemder – mot reklame i kalenderen. Slik var ordninga også i 2016 og samarbeidet held fram og ny kalender for 2017 var ferdig i god tid før jul. Samarbeidet ga også resultat for 2018. Kalender for 2019 kom på plass også denne gongen som eit samarbeid mellom dei to laga. Vi hadde same opplegget for kalenderen for 2020. Alle husstandar har fått denne. Han er dessutan til sals. Vi vonar at vi i åra som ligg framføre, kan halde fram med kalender der Ørskogbilete vert presenterte. Frå Ørskog Historielag var desse valde for å ta del i arbeidet: **Magnar Mathiesen og Jorunn Solnør dal Myren**. Varamedlem Tore Gjære. Takk også til velvillige sponsorar.

## Rekneskap for året 2019:

Det vert vist til eige oppsett og eiga sak på årsmøtet 4. mars 2020. Kasserar har vore Grethe Leikny Gjerde. Rekneskapen er ført av Økonomiservice A/S.



### Sjøholtsætra 25. august 2019

#### ØRSKOG HISTORIELAG – ØRSKOG KOMMUNE.

Vi er ofte avhengig av at ØH og Ørskog kommune har eit tett og positivt samarbeid. Det gjeld i mange saker og som bør vere av felles interesse. Dette samarbeidet kan seiast å vere i hovudsak godt. I mange samanhengar blir vi møtt med positive utsegn både frå administrasjon og politisk hald. Ved fleire høve har styret vore innom tilhøvet til kommunen – i heilt konkrete saker. Vi tek her med nokre døme på slike saker/område – med både ros og litt ris:

- ØH saknar ei meir aktiv haldning og positive tilbakemeldingar knytta til dei oppgåver og prosjekt vi arbeider med. ØH ønskjer såleis ei høgare prioritering av kultursaker og spørsmål frå kommunen si side.
- Også i år tek vi med: ØH ser det ønskjeleg med ei vesentleg styrking av administrasjonen og prioritering i ØK knytta til kultursaker. ØH ser fram til at dette kjem på plass. Vi er spente på 2020 og ny kommune Ålesund.
- ØH saknar ein kulturplan – og så langt også ein kulturminneplan. Arbeidet med ein kulturminneplan er no kome i gang frå kommunen si side. Samarbeid med ØH i denne saka er viktig i planarbeidet. Dette er på plass. Målet var ferdig plan i 2019! Dette målet nådde vi ikkje og satsar no då på ferdig plan i 2020
- ØH er glad for at vi etter fleire års arbeid fekk på plass ein avtale om vedlikehald/drift av Postvegen, sjølv om statens vegvesen framleis står att. ØH er glad for støtte til Postvegen i 2016/17 – mindre tilfreds med nei til søknaden for både 2018, 2019 og 2020 – jf. budsjett utan nye løyingar til strekninga Haugsætra – Vestnes grense.

Det er ikkje alltid at kronetalet er avgjerande. Haldningane og prioriteringane bak vert alltid lagt merke til. Frivillige lag og organisasjonar er avhengige av kommunen – like avhengig er kommunen den andre vegen. Samarbeid og positive handlingar og vedtak vil gjere at oppgåver – også innan kultursaker – vert best mogeleg løyste – til glede for alle i kommunen.



## Sjøholtsætra 25. august 2019

### Framover – oppgåver for 2020 og åra deretter.

Styret har som målsetjing - snarast etter årsmøtet 4. mars 2020 – å halde eit møte saman med nyvalde nemnder og utval for å setje opp arbeidsprogram/årsplan for året 2020.

Pågåande oppgåver og drøftingar på årsmøtet vil leggje føringar for komande årsplan.

***Vi tek her med viktige prosjekt – til drøfting på årsmøtet og vidare handsaming på sammøte mellom styret og nemndene. Vi vil ta steg vidare også i 2020:***

- ✓ Postvegen -vidare arbeid over Ørskogfjellet. Rydding og vedlikehald for heile strekninga gjennom Ørskog. Skilting og bokutgjeving.
- ✓ Driftsavtale for vedlikehald av Postvegen. Avtale med Statens Vegvesen står att. Nye Ålesund må truleg handsame planen på nyt. Dette har teke tid kan vi nå målet i 2020?
- ✓ Paktarhuset – drift og vedlikehald. Noko renovering innadørs pågår og vil halde fram.
- ✓ Olav Oksvik stiftinga – ØH er sentral i denne. Registreringsarbeid. **Finne lokale!** Halde konferanse til hausten. – eller nedlegging av stiftinga?
- ✓ Kvernhuset – vedlikehald – oppstart? – eventuelle demonstrasjonar?
- ✓ Kraftstasjonen – følgje opp avtalen med Ørskog Energi A/S . Litt vedlikehaldsarbeid – årleg rydding Forefallande arbeid.
- ✓ Malmbana vedlikehald.
- ✓ Lokomobilen. Vedlikehald. Oppstart/demonstrasjon på Ørskogdagane o.a.
- ✓ Deltaking/markeringar med stand på Ørskogdagane – 13. juni.
- ✓ Årbok nr 30 – for år 2020. Innhold og arbeid med boka.
- ✓ Ørskogkalender - halde fram samarbeidet med Ørskog Rotary. Kalender for 2021.
- ✓ Gåver – jf. vedtekne retningslinjer for mottak av gåver m.m. - registrering/arkiv.
- ✓ Fotoinnsamling/registrering – vidare arbeid. Innsamling av biletet held fram.
- ✓ Kulturminnedagane 2020: Ingen arrangement er planlagd
- ✓ Kveldsenter med om lag seks arrangement pr. år – viktig møteplass.


- ✓ Bygdevandring – behovet/interessa for slike er klart til stades. Nordal og steinsamlinga til Hallvard eide i 2020.
- ✓ Medlemsverving. Eit alltid vedvarande arbeid! Medlemspleie.
- ✓ Kulturminneplan – samarbeid kommune og historielag.
- ✓ Ole Dreng-huset – kontaktmed eigalar og med Storfjordens venner om restaurering er gjort.
- ✓ Andre typar arrangement som kjem til – vert vedtekne.



### Ørskog Historielag 2019 – med fokus på:

- ✓ Ørskog historielag si årbok – årbok nr 29!
- ✓ Paktarhuset – eit «minimuseum» - arkivstad – vedlikehald. Mykje er ordna – godt stell.
- ✓ Samarbeidspartnerar for ein kulturminneplan i Ørskog. Ferdig i 2020!
- ✓ Utval og nemnder gjer eit jamt godt arbeid! Fotoregistreringa går godt!
- ✓ Postvegen – ei sentral oppgåve for laget. Haugsætra – Vestnes grense neste.
- ✓ Vellukka bygdevandring på Sjøholtsætra/Bygdasætra.
- ✓ Mange fine og godt besøkte kveldsenter.
- ✓ Lokale til Oksviksamlinga må no kome på plass. Nedlegging av stiftinga?
- ✓ Auke i medlemstalet – vi er no om lag 335.
- ✓ Driftsavtale om Postvegen nesten på plass. Vegvesenet står att! + nye Ålesund.

Frå styret rettar vi ei stor takk til alle som har arbeidd aktivt innan laget – eller har gjeve positiv støtte og respons til arbeidet i meldingsåret 2019.



Kvar årsmeldingsiste åra har med eit gammalt ord som vi finn på laget si internettseite:

**”Å gløyme fortida si, er å leve som ein bekk utan kjelde, som eit tre utan rot.”**

Styret i Ørskog historielag år 2019.

Ragnar Bakken – leiar –